

### 3. Om boka som gav meg mest.

Motsetnaden mellom pietistane og dei som kjempa for eit frilyndt åndsliv hev djupe røter i soga vår. Dette fekk eg retteleg syn for, då eg siste året på lærarskulen las boki "Folkelige grundtanker" av Christoffer Bruun. Denne boka, som no snart er hundre år gamal, er framleis like aktuell. Den er grunnlaget for folkehøgskulen, dens bibel. Eg kjenner inga bok som slik har forma mitt eige livssyn, og lesinga av ho høyrer soleis til mine kjæraste ungdomsminne. Difor ei stutt omtale av ho her.

Christoffer Bruun var ein av dei få nordmenn som var med i den dansk-tyske krigen 1864. Tre år etter grunnla han sin folkehøgskule på Vonheim i Gausdal og styrde den til 1893, då han vart prest i Oslo. Han var sterkt påverka av både Grundtvig og Kierkegaard, men tok også avstand frå dei i mangt. Han hadde sitt eige sjølvstendige livssyn, som han aldri veik frå. Målet hans var: For norskdom og frilyndt kristendom og folkevekkjing til eit rikare åndsliv. Han kjempa mot pietistane og dei ortodokse teologane på den eine sida og fritenkjarane på den andre. "Vi har fått et gudsforlaudt menneskligt åndsliv og en pietistisk umennesklig kristendom", sa han. "Pietismens feil er at når den har hersket en tid, så kaller den nettopp på fritenkeriet som sin arvtager. Menneskene har nå engang trang til kultur. Når slekten en tid har levet under en kulturløs religion, så gripes især den begavede ungdom av den religionsløse kultur". Bruun var ein veldig åndshovding. "Jeg skal med Guds hjelp kjempe med hele verden for det humant menneskliges rett", sa han.

Både Bjørnson og Ibsen høgvyrde han. "Om Brunn tror jeg at han er den åndelig mektigste i vårt land," sa Bjørnson. Men Bruuns absolute krav i kristendomen likte han ikkje, de var over evne. Det er nettopp om dette hans drama "Over evne"<sup>2</sup> handlar. Og Ibsen trudde kanskje det same, då han teikna eit bilæte av Bruun som "Brand".

Bruun var ikkje diktar, men tankjar og vegvisar. "Men, sa han, det forekommer meg som også jeg kunde skape et kunstverk, kun et eneste, mit livs kunstverk". Å leva heilt ut etter sine ideal, det er kunstverket hans.

o-o-o-o-o

Lat oss her sjå litt på dei historiske tilhøva som skapte denne motsetnaden mellom svartsyn og ljossyn, og som eg sjøl hev upplevd so mykje av. Heilt fram til 1860 hdde me umgangsskule som hadde til mål opp-læring i kristentru etter Pontopidans forklåring. Denne boka, som var ein heil teologi, skulde barna lære og pugge anten dei forsto noko eller ei, for alt som sto her var guds heilage ord, og ordet hadde magisk verknad. Barna blei oppføstra med ris og gudsord. Skulen vart på den måten ein åndeleg og lekamleg tortur. Alt anna enn det eine nødvendige var anten unyttigt eller syndagt og skadelegt. Soleis skapte skulen eit pietistisk livssyn, som ingen sans hadde for dei nedervde kunstnarlege og nasjonale

verdiar i bondekulturen so t.d. prydskunst, folkevise, eventyr, leik og spel. Gamle kirker med den finaste bygdekunst vart nedrivne, eller stasen reven burt, so kyrkjehuset likna eit bedehus. Gamalt kunstferdig innbu i hus og heim vart sold til uppkjøparar for ein slike og ingenting. Dei gamle fargerike bygdedrakter forsvant, folk kledde seg i svart og gjekk med tunge andlet som til gravøl. Pietismen hadde skapt ei ny ånd, som tok anstøt av sjølve livsgleda i den nasjonale arv.

Men nett då bøndene misste sansen for sin gamle kultur, tok åndslivet sine menn å interessere seg for den. Eventyr, segn, folkevisur, tru, seg og skikk, språk, musikk og vår gamle historie vert samla og granska og verka som ei openberring og kom til å skape eit nytt nasjonalt åndsliv. Andre åndsmenn som Wergeland, Ole Vig, Eilert Sundt o.a. prøvde å spreida ljós i det åndelege mørker. Skriftene deira vart folkelesning. Men det tok lang tid. Bønder og folk flest var konservative og forsto lite av det nye som vilde fram.

Men so kom skulelova av 1860. Etter denn vart upplæring i kristendom enno det sentrale, men der kom då nye fag inn som historie, geografi og naturkunne. Og det viktigste, der kom lesbøker med eit utval av det beste i litteraturen. "Et vindu ut til verden ble slått opp for barneøjet og ga det den første forestilling om livets rikdom og under".

Men nå reiste den religiøse fanatisme seg mot det nye leseverket. Der skulde ikkje vere verdsleg undervisning i skulen. Den var syndig og fårleg. Mannalivet var vondt og ureint, men i leseboka vart det skildra som noko godt og vakkert. Leseboka med eventyr og dikt skulde brennast.

Men litt om senn stilna striden, ettersom skulehus reiste seg rundt i bygdene og nye lærarskular sende kull på kull av utdana lærarar ut over landet. Dei kunde nok ofte vere trongsynte, men åtte likevel meir kultur enn den herskande pietisme, so dei vart leidarar av ein friare åndsretning. Og med skulelova av 1889 vart det lagt endå meir vekt på ålmendaninga i skulen, og me får endå betre utdana lærarar. Og so kom folkehøgskulane, som ved foredrag, det levande ord, vilde vekkje ungdomen både religiøst, sosialt og kulturelt. Men no tykte pietistane det vart altfor mykje frisinn att og reiste seg til kamp mot det dei kalla "den glade kristendom". Førararane no var Gisle Johnsen og hans drabantar av ortodokse prestar, som ikkje tolde anan åndeleg syssel enn kyrkjeongong, bønemøte, bibellesing og salmesong.

Men no var folk meir upplyst, fleir og fleir tok avstand frå kyrkja, og mange av intelligensen bitre motstandarar. Prestane laut oppgje den eine skanse etter den andre til lærarane, som no vart formenn i skule- og heradstyre, som skipa ungdomslag og vart dei førande for frilyndt bygdeliv. Christoffer Bruun fekk solei rett, då han for 90 år sida sa:

Når slekten en tid har levet under en kulturløs religion, så gripes den begavede ungdom av den religiøse kultur."

### 3. Far kauper Flatland.

Året etter eg fluttet til Vardal som lærar, kaupte far eit jordstykke med litt skog av syster si tante Gro Hegland. Mannen hennar, Tori, var no so gamal og kruslen han døgde ikkje til gardbruks lenger. Han ~~døydde~~ døydde 1903, 77 år gl. Gro vilde då ikkje ha so mykje jord å stri med, og so selde ho då til far omlag halvparten. Det var nokre flate myrar nede ved vegen ved sida av Moheim med ei lita skogli ovafor. Desse myrane dyrka då far upp og bygde stove, fjøs og låve og gav det navnet Flatland. So flytte han med huslyd og eit par kyr frå Kleivgrend til den nye bustaden sin. Dette var den andre garden han ruppe og bygde frå nytt av. Og det var vel den 4de eller 5te bustaden hans. Men heller ikkje denne skulde bli den siste.

På garden Lundin eit stykke nord for Flatland hadde Andreas og Nils Qvisling, dei same karane som eg hadde møtt på Øyset, sett opp ei mølle nede ved elva. Dei hadde fått grave ein kanal gjennom ei myr og fått eit fall på snaut 2 m. Men det var altfor lite, mølla vilde ikkje gå skikkeleg. Dei måtte legge ho ned med stort tap, og so fekk far kaupt det heile til røvarpris. Han såg snart at her nytta det ikkje å drive, og so fekk han leigt eller kjøpt Haugefoss, eit par km. lenger nord, der Vegen til Kleivgrend tek av. ~~Dit~~ Dit fluttet han so heile greida, brukte det som kunde brukast og kjøpte til nytt, og fekk istand både mølle og sagbruk. Då han såg at her kunde bli levelegt utkome, selde han Flatland til Andreas Berge, bygde stove med uthus på Haugefoss og fluttet dit. Her budde foreldri mine i fleire år. Far fekk nokk å gjera både med maling og saging for folk, so dei hadde det godt her. Han braut endå upp litt jord, so dei kunde ha ei ku. Dette var no minst den 6te bustaden hans.

Av syskenflokken var det no berre Jørund og Gro att i Heglands-grend. Jørund var blitt underoffiser og attåt var han styrar for handelslaget i grinda, men Gro var med far og mor so lenge dei levde. Til Haugefoss kom det folk frå heile bygda. Snart var det ein som kom køyrande med litt korn han skulde få malt, eller ein skulde hente mjøl som var ferdig, snart kom eit tømmerlass som skulde skjerast, snart sagbord, som skulde hentast. Her var det mange kjenningar, som kom innom i stova for å ta seg ein kvil og slå av ein prat, so det var aldri einsamt. Når det var saging, laut far leige med seg ein kar, men mølla greidde han oftast alleine.

Siste bustaden til far og mor var Hegland, som dei fluttet til då Gro døydde i 1932. Men det høyrer ikkje til mine ungdomsminne, so det får eg fortelja um seinare.

### Ferdig med lærarskulen.

Siste året på lærarskulen budde eg på "Munkeliv", der me hadde kvar ~~sitt~~ selle. Eg tenkte det skulde bli meir ro til lesing, når eg hadde eit rom åleine, men noko munkeliv vart det ikkje. Munkane samla seg gjerne på ein eller annan hybel og heldt mykje leven, slost og tretta litt eller disputerte so busta fauk. Somtid var det ogso kortspel. I det heile var det eit liv, som lite høvde munkar, og navnet Munkeliv høvde soleis därleg. Då eksamen nerma seg, laut me likevel ta oss saman og lesa på spreng langt utover natta. Eg vart trøytt og svemjug, og so fekk eg den råda at eg skulde røyke tobakk titt og jevnt, då vilde eg halde meg vaken. Eg hadde tatt meg ei pipe eller ~~tvøtfør~~ <sup>tvøtfør</sup> om vinteren og, men no auka det på, endå eg syntes tobakken var altfor dyr. Um det hjelpte eller ei veit eg ikkje, pensumet tårna seg meir og meir upp, det var som å sjå inn i ei skodde. No angra eg stygt eg ikkje hadde lese flittugare før. Korleis skulde vel dette gå?

Den skriftlege eksamen gjekk bra, eg fekk jevne og gode karakterar. Den muntlege eksamen vart litt ujevn, i some fag beste karakter, i andre därlegare. I det heile fekk eg det som fortent. Eg hadde ikkje arbeid flit-tugt nok, somla burt tid og lese mangt slag, som ikkje høyrde pensum til. Og det kunde eg i grunnen ikkje angre på, eksamen er ikkje alt. Når eg no tenkjer attende, synes eg det var få og små kunnskapar skulane hadde gjeve meg samanlikna med det eg sida samla gjennom lesing og sjølstudiar. Det beste var at dei hadde skapt hug og trøng etter meir.

Utpå våren kom eg so attende til Kleivgrend og var med i onnear-beid som før. Attåt det var det å skrive søknader etter skulepostar og so gå i spaning etter svar. Det var stor rift om ledige postar den gong, eg fekk ikkje noko svar før utpå hausten. Det var ein dag me dreiv med skur-onna. Eg hadde stått tvikrokut heile dagen og hadde skurbuksa, so det verke i alle lemer. Då såg me læraren, Olav Rui, kom ranglande oppover bakken. Han hadde vore ned i bygdi og kom med post til oss, eit par avisur og eit brev. Det var til meg. - No kan eg vist gratulere deg med skulepost, sa han. Jau, sandeleg! Tilsett i Sollien og Glestad krets i Vardal. P. Blom.

So glad hadde eg knapt nokon gong vore før. Men Vardal, kor er det henne? Jau, læraren kunde fortelje det låg ved Gjøvik på vestsida av Mjøsa, han hadde sett etter på kartet. - Du kjem til det reine Gosen, sikkert ein av dei finste stader på austlandet, sa han. Skulen skulde ta til 1 oktober, so enno var det eit par vikur å gjera på. Og det trøngst, for eg laut ha meg nye sko og ny dress, og so vilde eg ha fleire dagar til den lange reisa.